

Reguleringsføresegner

Områderegulering Renovasjonsplass Golsfjellet aust

Gol kommune

Gnr. 11, bnr. 1

PlanID 2018003

1. Føremålet med planen

Føremålet med planen er å få til ei permanent løysing for renovasjonen på Golsfjellet aust, då hyttecontainerane dei siste åra har vist å ha for dårleg kapasitet til å ta i mot avfall frå det aukande talet hytter på Golsfjellet aust. Det regulerte området er vist på plankart datert 20.12.2018. Føresegnene gjeld for området som er markert med planens begrensning på kart i målestokk 1:1000. For utforming av renovasjonsplassen er Planskisse datert 27.11.2018, rettleiande. Området regulert til renovasjonsanlegg har eit areal på om lag 2 dekar. Planområdet er inndelt med følgjande føremål:

1. Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5 nr. 1)
 - a) Renovasjonsanlegg (SOSI-kode 1550)

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)
 - b) Veg (SOSI-kode 2010)

5. Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (PBL § 12-5 nr. 5)
 - c) Skogbruk (SOSI-kode 5112)

Planområdet består av følgjande omsynssoner (§ 12-7 nr. 2)

- Frisikt (SOSI-kode 1222)


2. Fellesføresegner for heile området

2.1. Automatisk freda kulturminne

Dersom det under anleggsarbeidet eller annan verksemd i planområdet dukkar opp automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og fylkeskommunens kulturvernavdeling må varslast, jf. Lov om kulturminner § 8. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka er gjort kjend med dette føresegn.

2.2. Ubygd areal

Ved utbygging i området skal inngrepa i naturen gjerast så skånsamt som mogleg. Det skal ikkje hoggast meir skog enn det som er nødvendig for å opparbeide renovasjonsplassen. Grøfter for tekniske anlegg, vegskråningar og anna areal som blir berørt skal pussast til, dekkast med jord/torg og såast til. Ved tilsåing/beplanting skal stadeigne og hardføre vegetasjonstypar nyttast.



3. Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1. Renovasjonsanlegg

Området er regulert til renovasjonsanlegg. Renovasjonsanlegget skal ha ei god funksjonell løysing, og planskisse er rettleiande for utforming av anlegget. Det skal etablerast vegetasjonsskjerm mellom renovasjonsplassen og Golsfjellvegen.

- a) Det skal etablerast nedgravne molok avfallsbrønnar innanfor føremålet.
- b) Renovasjonsplassen skal vinterbrøytast for tilgang til avfallsbrønnane heile året.
- c) På ledig areal for renovasjon i planskissa kan det etablerast containerar for pant, Røde kors og liknande.
- d) Den eksisterande skogen mellom renovasjonsplassen og Golsfjellvegen skal fungere som vegetasjonsskjerm. Vegetasjonsskjermen skal skjule renovasjonsplassen frå Golsfjellvegen, men skal ikkje vere til hinder for sikt i samband med inn- og utkøyring til området.
- e) Det skal ikkje hoggast meir skog enn nødvendig for å opparbeide renovasjonsanlegget.

4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.1. Veg

Vegane er private. Vegane skal ikkje blokkerast.

5. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

5.1. Skogbruk

Skogen innanfor føremålet skal haldast ved like på same måte som i dag.

6. Omsynssoner (§ 12-7 nr. 2)

6.1. Frisiktsone

Innanfor frisiktsone er det ikkje tillate med terreng eller vegetasjon høgare enn 0,5 m over vegbanen.